LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Tormod Borgen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Siril Therese Sylta | 19.03.2019 |
| Vår: 19/933 - 19/9325 | SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no | |

# Referat frå møte med Coop - gbnr 108/88 Lindås

| | |
|---|---|
| **Tema** | Gjennomgang av vidare oppfølging av tiltak i forhold oppstart av ny produksjon på bakeriet |
| **Møtestad** | Rådhuset, Knarvik |
| **Møtedato** | 19.03.2019, kl. 12-13 |
| **Til stades i møtet** | Frå Coop:<br>Tormod Borgen<br>Rolf Ulevik<br><br>Frå Lindås kommune:<br>Eilin H. Molvik, sakshandsamar byggesak<br>Arne Helgesen, avdelingsleiar vatn og avløp<br>Siril Sylta, einingsleiar Arealforvaltning |
| Tema tatt opp i møtet | **Saksnummer 16/2968 – mogeleg forureining i sjø, påstand frå naboar om feitt.** Kommunen tok prøvar i mai/juni 2018, der resultata viser naturleg feittinnhald i sjøen basert på naturlege forekomstar i sjøvant samt pollen. Sjå vedlegg for meir informasjon.<br><br>**Saksnummer 17/1874 – krav til påslepp til kommunalt vatn- og avløpsnett.**<br>Lindås kommune varsla i brev datert 20.06.2017 om oppgradering av feittutskillaren på eigedommen. Eksisterande feittutskillar er etablert på den tida då det var kjøttproduksjon og var prosjektert ut i frå eit anna produksjonsgrunnlag enn dagens. For meir utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte brev datert 20.06.2017.<br>- Bilvask – skal ikkje skje på plassen<br>- Anna utslepp som kan gå til sjø – ta ein gjennomgang av sluk i og rundt bygget. |

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

| | |
|---|---|
| | I tillegg bør det etablerast gode rutinar for overvåking av pumpestasjonen, slik at ein vert varsla dersom pumpestasjonen er ute av drift. I tillegg kan ein vurdere å ha ekstra pumpe tilgjengeleg, slik at ein kan bytte ut pumpa om nødvendig.<br><br>**Saksnummer 15/422 – oppføring av tilbygg.**<br>Det ligg ikkje føre godkjenning frå Statens vegvesen på avkjørsla og heller ikkje mellombels bruksløyve/ferdigattest på tilbygget. Ta kontakt med Marianne Skulstad hos Statens vegvesen. For meir informasjon om denne saka, sjå vedlagte notat.<br><br>**Klagar på støy frå verksemda:**<br>Saka ligg hos Fylkesmannen i Vestland. Viser til siste brev i saka frå dei datert 15.03.2019. |

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Varsel om pålegg om oppgradering av feittavskiljar - gbnr 108/88 Lindås
Vedk synfaring på plassen og prøve tatt 06.06.18
AR-18-MX-002336-01[201861314397]-Logo-merged
Førebuing dialogmøte med COOP - gbnr 10888 Lindås
Avslag på søknad om dispensasjon, søknad om løyve til oppføring av tilbygg, gbnr 108/88, Goman Rognaldsen bakeri
Løyve til tiltak - Rammeløyve for oppføring av næringsbygg - gbnr. 108/88 Lindås
Løyve til tiltak med ansvarsrett - riving av tilbygg - gbnr 108/88 Lindås
Løyve til igangsetting - hele tiltaket - gbnr 108/88 Lindås - tilbygg til næringsbygg

**Mottakarar:**
Hege Berg-Knutsen
Rolf Ulevik
Tormod Borgen